



Finn Ove Kårstad  
Viksdalsvegen  
6973 SANDE I SUNNFJORD

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/3131 - 18/33001

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
01.11.2018



## Førebels svar med trong for tilleggskumentasjon - gbnr 217/46 Romarheim

Tiltak: Naust  
Byggjestad: Gbnr: 217/46  
Tiltakshavar: Finn Ove Kårstad

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om oppføring av naust på gbnr 217/46 den 11.10.2018.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommuneplanen sin arealdel og plan- og bygningslova § 1-8, som gjeld det generelle byggjeforbodet i strandsona. I samsvar med gjeldande rutinar vert søknaden send på høyring til regionale styresmakter, jf pbl § 19-1, med 4 veker høyringsfrist, sjå eige skriv.

Kommunen vil ta stilling til søknadane om dispensasjon når høyringsfristen er ute. Byggesøknaden vert tatt stilling til når dispensasjonsspørsmålet er avklart.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld følgjande:

1. Det går ikkje klart fram av søknaden om dispensasjonssøknaden er nabovarsla.
2. Situasjonkartet må påførast avstand til nabogrense.
3. Takvinkel må gjevast opp.
4. Det må gjerast greie for kor parkering skal skje.
5. Det må gjerast greie for om eigedomen har avkjøringsløype til E39.
6. Det er dokumentert at eigedomen har vegrett over gbnr 217/7. Ut frå kartet ser ein at eigedomen også må ha vegrett over gbnr 217/13. Vi ber om at det vert gjort greie for om slik vegrett ligg føre.

Kommunen ber om at tilleggskumentasjon vert sendt inn samla innan **01.12.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

